

# **Alternative forbøner frå GUDSTENESTEBOKA 1977/1983-**

D/P: vend mot kyrkjelyden  
**Lat oss venda oss til Gud i bøn.**  
*Eller*  
**D/P: Lat oss takka og be**

*Anten VI*

**D/P: Lat oss venda oss til Gud i bøn.**  
**D/P: Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg og prisar ditt heilage namn, for du er god, og di miskunn varer til evig tid.**  
**Vi bed for di kyrkje på jorda. Fyll henne med din Ande. Hald henne oppe ved Ordet og sakramenta, og lat henne bera frukt for deg i kjærleik.**  
**Signa kyrkjelyden vår, og hjelp oss alle til å fremja ditt rike med truskap. Kalla konfirmantane våre til eit liv i forsaking, tru og teneste.**  
**Lat ordet ditt ha framgang mellom alle folkeslag. Gjev kraft og mot til dei som vert forfølgde for ditt namn skuld. Kalla dei fråfalne attende til den nåde du gjev i dåpen**  
**For Jesu Kristi skuld,  
(Kyrkjelydssvar)**  
**D/P: Gjev fred på jorda, med fridom og rettferd for alle. Lær oss å vernा om menneskeverdet frå livet byrjar og til det endar. Miskunna deg over dei som lever i fattigdom og naud. Lær oss å ta vare på ditt skaparverk og dela dine gåver rett.**

**Velsigna kongen og hans hus, vårt folk og fedreland og våre landsmenn på havet og i framande land. Hald di vernande hand over born og unge. Lat din Ande rāda i heim og skule. Gjev visdom og rettsinn til alle som har ansvar i samfunnet, og lær oss å arbeida til beste for kvarandre.**

**For Jesu Kristi skuld,  
(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: [Vi bed i dag særskilt for ...Aktuelle bøneemne kan her nemnast kort.**

**Dåpsborna vert nemnde med førenamn.)]**

**Kom til dei som søker deg, og til alle som kjempar med tvil og anfekting. Trøysta dei sjuke og sorgjande, ver nær hjå alle einsame, kom med von om evig liv til dei som stirr med døden; miskunna deg over alle menneske.**

**For Jesu Kristi skuld,**

*Anten AA*  
**(Kyrkjelydssvar)**

*Evt. og tillegg:*  
**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: Kvar for oss vil vi no leggja fram for deg det som ligg oss på hjarta.  
Still bøn.**

**D/P: I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.  
(Kyrkjelydssvar.)**

*Når det ikkje er nattverd, sluttar forbøna med Herrens bøn.*

**A: Fader vår, du som er i himmelen!**

**Lat namnet ditt helgast.**

**Lat riket ditt koma.**

**Lat viljen din rāda på jorda så som i himmelen.**

**Gjev oss i dag vårt daglege brød.**

**Forlat oss vår skuld,**

**som vi òg forlèt våre skuldmenn.**

**Før oss ikkje ut i freistung,**

**men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt,  
og makta og æra i all æve.  
Amen.**

*Eller VII*

**D/P: Lat oss venda oss til Gud i bøn.  
Vi bed deg for di kyrkje på jorda:  
for kvar einskild kyrkjelyd,  
for misjonærar og forkynnurar,  
for alle som strid den gode striden i trua,  
[for ...(Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Hald dei fast i di sanning.  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far.  
(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: Vi bed for kyrkjelyden vår:  
om di nådige hjelp mot Satans makt,  
om kraft og verknad av Ord og sakrament,  
om mot og vilje til å tena deg,  
[om ...(Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Kalla konfirmantane våre til eit liv i forsaking, tru og teneste.  
Lei oss ved ditt ord.  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far.  
(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: Vi bed for dei som lid:  
for dei sjuke og einsame,  
for dei heimlause,  
for flyktningar og krigsoffer,  
for dei som lid urett og er undertrykte,  
[for ...(Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Gjev dei di hjelp.  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far.  
(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: Vi bed deg for verda:  
om fred og fridom for folk og nasjonar,  
om rettferd i samfunn og arbeidsliv,  
om di velsigning over vårt arbeid,  
[om ...(Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Gjev oss din fred.  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far.  
*Anten AA*  
(Kyrkjelydssvar.)**

*Evt. også tillegg, sjå Alt.VI, over.*

*Eller VIII*

**D/P: Lat oss venda oss til Gud i bøn.  
D/P: Evige Gud, vi takkar og lovprisar deg, Herre over himmel og jord. Vi bed for  
den verda du har skapt. Lei alle folk og nasjonar til å leva i samarbeid og fred.  
Gjev dei fattige og undertrykte fridom og rettferd.  
Hjelp oss alle til å ta vare på ditt skaparverk, så vi vernar om menneskeverdet og  
forvaltar gåvene i naturen til gagn for kvarandre. Hald di vernande hand over  
barnet i mors liv. Ver støtte for dei som har mist barnet sitt, og for dei som har  
fått ansvar som foreldre.  
[Vi bed i dag særskilt for ...(Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Vi bed for land og folk. Velsigna kongen og hans hus. Gjev truskap og visdom til alle som har fått leiaransvar mellom oss. Verna heim og samfunn mot opploysing og strid, og hjelp oss alle til å bruka livet vårt etter din gode vilje.

[Vi bed i dag særskilt for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

(Kyrkjelydssvar)

**D/P:** Vi bed for dei som lid; for dei sjuke og einsame, for dei heimlause, for krigsherja og flyktningar, for dei som svelt, for dei som har kome ut for ulykker, for alle som kjenner livet som ei bør, og for kvart menneske som ikkje lenger ser nokon von for morgondagen.

[Vi bed i dag særskilt for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]

Ver du nær hjå dei, og gjev oss alle evne og vilje til å hjelpa.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

(Kyrkjelydssvar)

**D/P:** Vi bed for di kyrkje. Fyll henne med din Ande, og lat henne fornyast gjennom Ord og sakrament. Kalla dei fråfalne attende til dåpsnåden. Før ditt rike fram mellom alle folkeslag, og lat evangeliet verta til frelse for Israels ætt. Bygg opp din kyrkjelyd i alle land, verna oss mot vrang lære og død gudsdyrkning, så vi samhuga og med éi røyst kan sanna at Jesus Kristus er Herre.

[Vi bed i dag særskilt for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

(Kyrkjelydssvar)

**D/P:** Vi bed for kyrkjelyden vår; for gudstenester og andre samkomer i ditt namn, for dei som skal døypast (borna vert nemnde med fornamn), for foreldre og fadrar, for ... (namna kan nemnast) som skal viast til ektefolk, og for konfirmantane våre: Kalla dei til eit liv i forsaking, tru og teneste.

[Vi bed i dag særskilt for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]

Gjev oss alle di hjelp og gjer oss dugande til teneste, så vi kan vera gode hushaldarar over din mangfaldige nåde, medan vi ventar på at vår Herre Jesus skal koma att i herlegdom.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

*Anten AA*

(Kyrkjelydssvar)

*Evt. også tillegg, sjå Alt.VI, over.*

*Eller IX*

**D/P:** Lat oss venda oss til Gud i bøn.

**D/P:** Evige Gud, vi takkar deg for alle velgjerningane dine mot oss. Du gjev dagleg brød, du gjev glede og gode dagar, du oppsedar oss for ditt rike med kross og trengsel. Du har gjeve oss ditt heilage ord, du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda og sett oss eit evig mål hjå deg.

**Vi bed deg i Jesu namn:** Sjå i nåde til di kyrkje og helga henne i sanninga. Lat ditt ord verta forkynt klårt og reint og dine sakrament rett brukte. Gjev kyrkja tenarar som både lærer og lever rett, og hjelp oss alle å tena deg med truskap.

Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

(Kyrkjelydssvar)

**D/P:** Hald di hand over kyrkjelyden vår. Lat dei små som vert døypte, veksa opp i samfunn med deg. Kalla konfirmantane våre til eit liv i forsaking, tru og teneste. Før dei fråfalne attende til dåpsnåden. Gjev nattverdgjestene dine fred og evig liv ved ditt bord.

**Driv arbeidrarar ut til di haustvinne, og lat evangeliet om ditt rike ha framgang mellom alle folkeslag. Sjå i nåde til det folket som du gav dine lovnader i den gamle pakt. Styrk dei som vert forfølgde for Jesu namn skuld, tenk i miskunn på**

**dei som står ditt ord imot, og gjev dei omvending til livet.**

**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Gjev fred på jorda og fred i hjarto. Gjev alle statsmenn vilje og visdom til å fremja rettferd og fred, og lat samarbeidet mellom folka ha framgang. Hald di vernande hand over alt du har skapt. Hjelp oss å dela naturrikdomane rett og nytta dei til ære for deg og til gagn for komande slekter. Før dei fattige folka ut or naud og fornedring og gjev dei undertrykte fridom.

**Signa folk og fedreland og våre landsmenn på havet og i framande land. Hald di hand over vår konge og hans hus, og gjev visdom til alle som har mynde og ansvar i samfunnet.** Gjev oss å arbeida til beste for kvarandre, og hjelp oss til å leva saman i kjærleik og fred.

**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Verna ekteskap og heim, velsigna skulane våre, lei ungdomen på dine vegar. Ver eit vern for dei som står åleine, og verje for alle foreldrelause. Gjev sjuke og sorgfulle lindring og trøyst. Hjelp dei som er i åndeleg mørker, trøysta dei som er urolege og redde, og ver nær hjå alle som stirr med døden. Gjev oss evne til å hjelpa der livet vert truga, og vilje til å verna om menneskeverdet frå livet byrjar og til det endar.

**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Å Gud, miskunna deg over alle menneske, for Jesu Kristi skuld. Og når vår time kjem, lat oss då få døy sæle bort frå denne verda og på den siste dagen stå opp til din herlegdom. Det bed vi deg om, vår Gud og Far.

*Anten AA*

**(Kyrkjelydssvar)**

*Evt. og tillegg, sjå Alt.VI, over.*

*Eller X*

#### **Forbønsleiar:**

**Når vi no er samla i Jesu namn, så lat oss etter hans ord og lovnad be for kyrkjelyden vår og for Guds folk over heile jorda.**

**Når det høver, kan ein leggja til:**

**D/P:**

**Og lat oss særskilt be for**

- dei borna som skal døypast (er døypte) i dag,**
  - dei som skal viast til ektefolk,**
    - for konfirmantane våre,**
  - for dei som er kalla til leiaransvar i kyrkja,**
    - for alle misjonærane våre.**

**Her kan ein òg nemna føremål som det skal ofrast til denne dagen, nye arbeidalar i kyrkje og kyrkjelyd, soknerådet, viktige hendingar i kyrkja osb.  
Her er det høve til ei kort, still bøn.**

**D/P:**

**Himmelske Far, du som har gjeve oss ein heim i di kyrkje på jorda, vi bed deg, hald oss oppe i ei sann tru, så vi alltid lever i samfunn med deg, og i ord og gjerning ærar ditt namn, ved Jesus Kristus, vår Herre.**

**(Kyrkjelydssvar)**

#### **Forbønsleiar:**

**Lat oss be for folket vårt og for dei som styrer og har ansvar i samfunnet.**

**Når det høver, kan ein leggja tiP:**

**Og lat oss særskilt be for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast, t. d. kommune-**

**eller stortingsvalet som skal haldast, det nye kommunestyret, det nye Stortinget, den nye regjeringa; tingingar i arbeids- og næringsliv, det nye skuleåret o. l.)**  
**Her er det høve til ei kort, still bøn.**

**D/P:**

**Himmelske Far, verna i nåde om folk og fedreland. Velsigna kongen og hans hus, og gjev visdom og kraft til alle i ansvarsfulle stillingar, så dei kan gjera si gjerning til ære for deg og til signing for folket, ved Jesus Kristus, vår Herre.**  
**(Kyrkjelydssvar)**

**Forbønsleiar:**

**Lat oss be for dei som har kome ut for sjukdom og ulykker, for alle einsame og for dei som har tungt å bera.**

**Når det høver, kan ein leggja tiP:**

**Og i dag bed vi særskilt for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast, t. d. dei som har bede kyrkjelyden om forbøn, dei som har vore ute for trafikkulykker, katastrofar o. l.)**

**Her er det høve til ei kort, still bøn.**

**D/P:**

**Miskunnsame Gud, du som i kjærleik tek deg av alle dine skapningar, vi bed deg, hører vår bøn for alle som er i naud og trengsel, og for dei som stirr med døden. Fri dei frå motløyse og fortviling. Styrk dei i lidninga, og lat dei få kjenna di nådige hjelp, ved Jesus Kristus, vår Herre.**  
**(Kyrkjelydssvar)**

**Forbønsleiar:**

**Lat oss be om fred i verda og om rettferd og fridom for alle menneske.**

**Når det høver, kan ein leggja tiP:**

**Og i dag særskilt om ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast, t. d. løysing på aktuelle nasjonale og internasjonale kriser o. l.)**

**Her er det høve til ei kort, still bøn.**

**D/P:**

**Himmelske Far, miskunna deg over vår angstfylte verd. Hjelp oss så vi ikkje vert skuld i ufred og strid, men lever saman i fred og etter din vilje, til du gjer alle ting nye, ved Jesus Kristus, vår Herre.**  
**(Kyrkjelydssvar.)**

*Evt. og tillegg, sjå Alt.VI, over.*

*Eller XI*

**D/P: Lat oss be for den heilage kristne kyrkja:**

**Gud, sjå i nåde til di kyrkje, vunnen ved Kristi dyre blod. Styrk henne ved ditt ord og dei heilage sakamenta, og lat henne veksa i kjærleik og gode gjerningar. Bu tenarane dine med Andens gåver til trufast arbeid for evangeliet. Lei dei unge kyrkjene, gjer dei uthaldande i trua og rike i Kristi gjerning.**

**Vi bed for dei som vert forfylgde for ditt namn skuld, og for alle som er utestengde frå samfunnet med andre kristne. Helga og samla til eitt ditt folk over heile jorda, så vi med éin munn kan vitna om deg og prisa ditt heilage namn, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre.**  
**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P: Lat oss be for folk og land:**

**Himmelske Far, sjå i nåde til fedrelandet vårt og til landsmennene våre fjernt og nær. Gjev visdom og råd til alle som styrer og må ta viktige avgjerder, og hjelp dei til å følgja din heilage vilje.**

**Velsign dei som har si gjerning mellom sjuke og hjelpeause, og alle som arbeider for å lindra naud. Lat din vilje rá i rettsorden og arbeidsliv, i oppseding og undervisning, i presse og kringkasting. Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Lat oss be for dei som er i naud og vanskar:

Allmektige Gud, du som hører kvart sukk, vi bed deg: Trøysta dei som er tyngde av sorg, og alle som sit i sakn. Kom med hjelp til dei som vert tærte av suter, som vantar glede i arbeidet og innhald i fritida si.

Kom nær til alle som er einsame og framande iblant oss, og hjelp oss til å ta dei inn i vår omsut. Gjev mot og kraft til dei som stirr med freistinar, tvil og uvisse, og til alle som lid under følgjene av eigne og andres synder. Det bed vi deg om,

vår Gud og Far.  
(Kyrkjelydssvar)

D/P: Lat oss be om fred:

Allmektige, evige Gud, du som kan leia og bøya menneskehjarto, vi bed deg: Hjelp og styrk dei som i dag har det store ansvaret for fred i verda. Ta i di mektige hand dei som leier nasjonane, og set dei til ei velsigning for folka. Lat godvilje og samarbeidsånd rå i forhandlingar og avgjersler. Fri oss frå vond mistanke og falsk sjølvhevding, og hjelp oss alle å leva saman i fred og forsoning, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre.  
(Kyrkjelydssvar)

*Eller XII*

D/P: Lat oss venda oss til Gud i bøn.

D/P: Herren er midt iblant oss.

K: I hans namn vil vi be.

D/P: Heilage Herre Gud, heilage sterke Gud, heilage allmektige Frelsar, du ævelege Gud, miskunna deg over oss. For di kyrkje på jorda, for einskap mellom dei truande, for misjonen i heile verda bed vi deg, Gud.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: For di kyrkje i vårt land, for oss som no er samla i bøn og tilbeding, for alle dine tenarar og medarbeidarar bed vi deg, Gud.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Om vekst i trua gjennom Ord og sakrament, om truskap i bøn, om tolmod og glede bed vi deg, Gud.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Om fridom og fred i verda, om rettferd og brød til dei som svelt, for flyktningar og forfylgde, om einskap over grensene bed vi deg, Gud.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: For alle sjuke og nedbrotne, for einsame og svikne, for alle i freistung og fare bed vi deg, Gud.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Ver oss nær i all naud, hjelp oss til rett liv og teneste, styrk oss til å nå det evige livet. Gud, vi bed deg.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Lat oss halda fram med å be, høgt eller stilt. Stilt for bøn Den som bed, sluttar med: Gud, vi bed deg.

(Kyrkjelydssvar. Amen)

*Eller XIII*

D/P: Lat oss takka og be.

Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg fordi du har late oss vakna opp til denne dagen, og fordi du på nytt lèt oss høyra bodskapen om Jesus Kristus, han som du reiste opp frå dei døde og gjorde til Herre i di kyrkje. Vi bed deg: Opna hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi tek imot evangeliet om frelsa og etter din vilje ferdast i eit heilagt liv, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

(Kyrkjelydssvar)

D/P: Herre, allmektige Gud, du som har gjeve oss ein ny dag, vi bed deg: Styrk oss med di kraft, så vi ikkje fell i synd. Lei tankar, ord og gjerningar, så vi gjer

**det som er rett, deg til ære og medmenneska våre til gagn, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.**  
**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Herre Gud, himmelske Far. Vi takkar deg fordi du av din store nåde og miskunn har gjeve oss ditt heilage ord, og med det samlar di kristne kyrkje her hjå oss òg. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, så vi med takksame hjarto må ta ordet ditt til oss og skikka oss etter det, og alltid veksa i kristeleg tru, von og kjærleik, og så verta evig sæle ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve.

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Lat oss be.

**Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg for at du har skapt ljoset og dagen. Vi bed deg: Ver hjå oss når dagen kverv, vara oss i mørkret og verna oss mot den onde fienden. Lat oss her på jorda bu i livd av di miskunn og ein gong på den siste dagen gå inn til den evige kvile og fred. Ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**Lat oss framleis be, høgt eller stilt.**

*(Den som bed høgt, avslutter med:)*

**Gud, vi bed deg.**

**(Kyrkjelydssvar)**

*Eller XIV*

*(Del av Forbøn ved Familiegudsteneste)*

**D/P:** Verna heimane våre og dei som står oss nær.  
**Ver hjå alle sjuke, einsame og redde.**  
**Gjev fred og rettferd i verda.**

**Hjelp oss å dela med kvarandre, så alle kan få mat og klede, heim og arbeid.**  
**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar)**

**D/P:** Kom til dei som ikkje kjenner deg.

**Lær oss å fortelja andre om deg, og lat ditt evangelium verta forkynt for alle folk.**  
**Styrk kyrkjelyden vår og kyrkja i alle land.**  
**Lat ljoset ditt skina i vår mørke verd.**  
**Lei oss på vegen som fører til livet.**  
**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.**

**(Kyrkjelydssvar.)**

*Eller XV*

## **Vigsling av kyrkje/kyrkjerom**

**B:** Lat oss venda oss til Gud i bøn.

**B:** Lova vere du, vår Gud, Herre over universet! Himmel og jord rømer deg ikkje, og likevel vil du bu hjå oss ved Ord og sakrament, og helga deg eit tempel i oss, så du alltid er oss nær i ditt underfulle verk. Vi bed deg, lat di frelsargjerning lukkast i kyrkjelyden vår, og i dette huset dette kyrkjerommet, som i dag vert vigsla til teneste for deg og til di ære.

**(Kyrkjelydssvar)**

**B:** Velsign ordet ditt når det vert forkynt, og lat det frå denne preikestolen lyda klårt og reint og syna ånd og kraft. Lat dei som vert borne til denne døypefonten, få eiga dåpsnåden og verta sameinte med Son din, slik han døydde og stod opp. Gjev oss ved dette altarbordet del i Jesu Kristi lekam og blod. Gjer dette huset til eit bønehus for ditt folk og hald ditt øyra ope for all lovsong, takk og tilbeding som stig opp til deg herifrå. Vekk hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi med glede høyrer når klokkene kallar, og gjerne kjem og høyrer ditt ord.

**(Kyrkjelydssvar)**

**B:** Far i himmelen, signa vårt folk og land, vår konge og hans hus, og alle som har mynde og ansvar i samfunnet. Trøysta dei sjuke og sorgjande, ver nær hjå alle einsame, kom med von om evig liv til dei som stirr med døden. Og når vi ein gong vert lagde til kvile, lat oss då få vera i di hand. Gjev oss ei sael oppstode på

**den siste dagen, og unn oss å bu hjå deg i den evige byen, det nye Jerusalem, som inkje tempel har, for du, Herre, allmektige Gud, og Lammet er templet der.**  
**(Kyrkjelydssvar. Amen)**

*Eller XVI*

### **Ved KGP/konfirmantpresentasjon**

**P Lat oss be.**

**Herre vår Gud, takk for konfirmasjonstida. Takk for at du elskar oss og kjenner alt i våre liv. Gjer oss opne for det du vil gje oss. Velsign denne dagen. Amen.**

**P Lat oss vende oss til Gud i bøn og særleg be for konfirmantane våre.**

**I Evige Gud og skapar, du har gjeve oss livet i gáve.  
Takk for at du elskar oss som vi er  
og kjenner vår glede og smerte, våre voner og sakn.  
P Herre, lei oss på dine vegar.  
K Gud, ver med oss alle.**

**II Allmektige Gud. Takk for at du vaker over land og kyrkje, nærmiljøet vårt og kyrkjelyden vår. Vi ber for alle som har ansvar i samfunnet.  
Gjev vilje og visdom til å kjempa for fred og rettferd for alle.  
Hjelp oss å byggja gode fellesskap og leva saman i kjærleik.  
I dag bed vi for:**

**P Herre, lei oss på dine vegar.  
K Gud, ver med oss alle.**

**III Herre Jesus Kristus, du som tok imot oss i den heilage dåpen, vi bed deg for konfirmantane:**

**Lat dei få sjå meir av kven du er, så dei kan veksa i tru, von og kjærleik.  
Gjev dei mot og styrke når livet vert vanskeleg.  
Vara dei mot alt vondt og lat dei alltid eiga gleda over livet.  
Vi bed deg for familie, venner, fadrar og kyrkjelyd.  
Hjelp oss alle å gje konfirmantane ei god konfirmasjonstid.  
P Herre lei oss på dine vegar.  
K Gud, ver med oss alle.**

**P Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjarta.**

**P Lat oss vende oss til Gud i bøn og særleg be for konfirmantane våre.**

**P Gud, du som eingong skapte lyset  
og stendig fornyar livet med all livsens rikdom.  
Takk for at du har skapt oss i ditt bilet  
og gjeve oss alt det moglege i livet.  
Lat oss få sjå meir av kven du er,  
så vi kan veksa i tru, von og kjærleik.  
Vi bed i dag for konfirmantane våre.  
Velsign konfirmasjonstida deira.  
Gjev kvar einskild konfirmant å finna  
glede og styrke i fellesskapet.  
K Gud, ver med oss alle.**

**P Gud, du som ser oss og kjenner oss som vi er.  
Takk for at du tek imot oss  
med alle våre lengsler og suter, sorger og voner.  
Takk for at du høyrer når vi bed til deg -  
både når vi kviskrar og når vi ropar.**

**K Gud, ver med oss alle.**

**P Trufaste Gud, sjå til alle som står konfirmantane nær:**  
**Familie og vener, fadrar og kyrkjelyd.**  
Lat vår kyrkjelyd vera ein heim  
der dei kan finna kvile og ny kraft.  
Hjelp oss å byggja gode fellesskap,  
så vi kan leva saman i kjærleik.  
**K Gud, ver med oss alle.**

**Bønestille**

**Den allmektige Gud har i dåpen gjeve dykk sin Heilage Ande, gjort dykk til sine  
born og teke dykk inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrke dykk med sin nåde til  
det evige liv.**

*Eller XVII*

**Nokre frie bøneemne der forbøna vert formulert etter tid og tilhøve. Ho skal  
utformast skriftleg og byggjast opp på vanleg måte.**

**Heim, familie, nærmiljø, landet vårt, verda, fridom, rettferd, for dei som lid,  
kyrkjelyden, kyrkja, misjonen, arbeid for Guds rike. Desse to avsnitta i bøna  
sluttar med:**

**Det bed vi deg om, vår Gud og Far.  
Kyrkjelyden syng etter kvart avsnitt:  
(Kyrkjelydssvar)**